

Kyrkjebladet for VAKSDAL

73.ÅRG./ NR.1 – 2019

Kyrkje-
valet
2019

Val av nye sokneråd
i den Norske kyrkja.
Sjå side 6, 7 og 8



KIRKENS NØDHJELP
actalliance



Fasteaksjonen 2019
7.-9. april

vopps
2426

Fasteaksjonen:
Møt Hawo
Side 4 og 5

Vegen
Side 10, 11,
12 og 13

- Andakt side 3
- Slekters gang side 19
- Gudstenestelista side 20

DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL

Kyrkjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3
5721 Dalekvam
Tlf. 56 59 39 20 (felles for alle tilsette)
E-post: kyrkjekontoret.vaksdal@kyrkja.no

Ekspedisjonstid:

Tysdag og onsdag kl. 11.00-14.00

Kyrkjeverje Bjart-Magnus Ndogo Rosvold

Mobil 97 69 75 62
E-post: br233@kyrkja.no

Sokneprest Edvard Bø

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn
Mobil 90 84 06 24
E-post: eb447@kyrkja.no

Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen og Nesheim sokn
Mobil: 90 19 65 14
E-post: fk796@kyrkja.no

Trusopplærar Kristin Straume Audestad

Mobil: 95 76 63 79
E-post: ka263@kyrkja.no

Organist Ruben S. Gjertsen

Mobil: 92 45 20 98
E-post: rg794@kyrkja.no

Organist Anton Proskurnin

Mobil: 48 23 29 77
E-post: ap244@kyrkja.no

Vaktmeistar Ottar Dalseid

Mobil: 97 67 46 16
E-post: od622@kyrkja.no

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.
Avtal helst på førehand.
Prestane har teieplikt.

Informasjon om gudstenester,
konfirmanttida og Kyrkjebladet finn du på
www.vaksdal.kyrkja.no

GATEADRESSER:

Bergsdalen kyrkje: Bergsdalsvegen 1065

Dale kyrkje: Kyrkjegata 1

Eidsland kapell: Eidslandsvegen 2014

Eksingedalen kyrkje: Sørdalsvegen 10

Nesheim kyrkje: Nesheimsvegen 31

Stamnes kyrkje: Gruvevegen 19

Vaksdal kyrkje: Vaksdalsgarden 34

God påske

Når du sit å les i dette kyrkjebladet, er det kanskje ikkje lenge til Påske. Påske er ei flott høgtid der me feirar Jesus sin død og oppstode. Når eg tenker på det er kanskje påsken den mest absurde feiringa av alle dei kristne høgtidene.



For la oss ta eit steg tilbake. Dette er då ein mann som var født av ei jomfru. Trakka rundt på denne jorda i overkant av 30 år. Fekk 12 ganske vanlege mannfolk til å fylgja seg. For so til slutt å bli sviken av desse mennene, dømt til døden av sitt eige folk, og okkupasjonsmakta, for so å bli avretta. Sidan han etter alt å dømma var uskyldig i det han vart dømt for snakka me her om eit justismord av dimensjonar. So tenker eg at hadde historia stoppa der, hadde nok denne Jesus fra Nasaret forsvunne frå historia. Kanskje det hadde vore att ei legende, nokre barnefortellingar eller liknande. Men ikkje verdens største religion. So kva er det spesielle?

Jo det er oppstoda. Omdiskutert, omstridt og latterleggjort står den der. Det nakne korset, den tomme grava, mannen som viser seg med naglemerkte hender for venane sine. Påskemorgon skal me som er kristne nok ein gong få sei den gamle kristne helsinga «Han er oppstanden» «Kristus er sanneleg oppstanden».

Bjart-Magnus N Rosvold

Fellesrådsleiar:

Odd Arild Faugstad
tlf. 952 65 989
e-post: oddfau47@gmail.com

Soknerådsleiarar:

Vaksdal: Grethe Loftheim Dale
tlf. 992 68 128

Dale: Brith Kydland
tlf. 48 13 06 64

Bergsdalen: Herborg Holt Lid
tlf. 454 65 977

Stamnes: Bjørn Stamnesfet
tlf. 56 59 82 91 / 414 13 351

Eksingedalen: Asbjørn Flatekval
tlf. 970 17 598

Nesheim: Gøril Kvinge Nesheim
tlf. 930 54 636

Den norske kyrkja si heimeside:

www.kyrkja.no

Bjørgvin bispedømme

si heimeside:

www.kyrkja.no/bjorgvin

Bibelen på nett: www.bibel.no

KYRKJEBLAD FOR

VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr 250,-

Annonsepris: kr 4,- pr. sp.

Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

Bladstyrar:

Kyrkjeverja i Vaksdal

Grafisk utforming:

VaksdalPosten

Kasserar:

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd,
boks 113, 5721 Dalekvam

Eksp. og trykk:

Bodoni AS, avd. Hardanger,
Øystese

Tlf. 46 63 09 33

Retur til:


Kyrkjekontoret
for Vaksdal, Pb. 113,
5721 Dalekvam

Stoff til neste nr. må vera kome inn til 13. mai.

Dei sårmerkte hender

«Det var om kvelden same dagen, den første dagen i veka. Lærersveinane var samla og hadde stengt dørene, for dei var redde jødane. Då kom Jesus; han stod midt imellom dei og sa: Fred vere med dykk! Då han hadde sagt det, viste han dei hendene sine og sida si. Lærersveinane var glade då dei såg Herren.» Joh. 20.19-20

Det var om kvelden på Påskedag. Her er første gongen lærersveinane fekk sjå den oppstadne Jesus. Den første som såg han var Maria Magdalena, ifølge Johannesevangeliet. Dei andre kvinnene som var saman med henne hadde funne grava tom. Dei hadde varsla Peter og Johannes som kom og såg den tomme grava. Kva skulle lærersveinane tru? Merkelege rykte, og forteljinger. Dei var så redde at dei låste døra. Plutseleg berre var Jesus i rommet. Ingen dører stengde han ute. Kjende dei han igjen? Han var annleis å sjå til. Men, dei kjende han på Fredshelsinga, og på sårmerka. Kven andre enn Jesus kunne vise til naglemerker i hender og føter og spydstikket i sida. Dei var glade. Dei skjøna at ryktet likevel var sant, så utroleg det enn høyrest. Berre ein var ikkje til stades. Det var Tomas, han som frå då er kalla tvilaren. Han ville ikkje tru om ikkje han fekk stikke handa si i såra. Takk for Tomas sin tvil, for han hjelper oss som lever i dag til å kunne tru. Det var ikkje berre eit syn. Det var fysisk at han fekk ta og føle. Dei fekk møte Jesus med alle sansane. I eit av evangelia står det at Jesus å eit stykke fisk. Eit spøkelse driv ikkje og et. Nei, Jesus var fullt levande og oppstaden. Han som var død, lever for aldri meir å skulle døy. Den same Jesus som viste seg for lærersveinane denne påskedagen for om lag to tusen år sidan, lever i dag. Han gjev seg til kjenne på ulik vis for at me skal kjenne at det er han. Det gjer han når han svarer våre bøner. Og om han skulle vise seg for nokon så kan han framleis kjenast på sårmerka. I tillegg til dei fem såra er og merka etter tornekrona.



Ein av dei stadene der desse sårmerka viser seg er på Likklede fra Torino. På forunderleg vis er det eit negativt bilet av ein død krossfesta mann som viser seg. Eit klede som er frå ei tid lenge før nokon kjende til fotokunsten og korleis det oppstår negativer. Eg kan ikkje skjøna anna enn at dette kledet må vere ekte, skapt av det lysglint som kom i augneblikket då Jesus fekk livet att. Dersom Jesus berre hadde vore skinndød, ville ei slik energiutløsing aldri ha funne stad. Den levande Jesus Kristus var sanneleg død på krossen, og soldatane vitnar om at det rann vann og ikkje blod frå såra hans. Desse fysiske hendingane gjer oss overtydde. Difor feirar med påske. Difor er me og glade og syng lovsongar til Herren.

*Livet vant, dets navn er Jesus. Halleluja.
Han var død men se han lever. Halleluja.*

*Dødens porter åpner han, halleluja,
viser vei til livets land. Halleluja.*

*Med helsing
sokneprest Edvard Bø*

Hawo si hjelpende hand

Etter at mamma og storebror døydde har 12 år gamle Hawo tatt over mykje av det daglege ansvaret for familien.

- Aller helst vil eg bli sjukleiar. Fordi eg ønsker å hjelpe andre.

Smilet sit eit stykke inne, men det er likevel ein voksen mildskap i blikket til Hawo. Ei blanding av sjemanse og opplevingar som ingen unner eit barn. For få år sidan, ho hugsar det så godt, levde ho med mor og far, fem brør og ei syster. Eit enkelt, men godt liv som nomadar ute i det golde ørkenlandskapet i Puntland i Somalia. Det var før regnet slutta å kome. Sesong etter sesong. Før geitene dei levde av byrja å døy, eitt dyr om gongen. Før dei sjølve vart utmagra. Før Hawo mista mamma og deretter storebror. Han var berre skinn og bein, og då han vart sjuk makta ikkje kroppen meir.

Stoppa døden

- Vi har ingenting. Men vi kom hit for at vi ikkje skulle døy, sier Hawo med lav stemme. Og fortel om då dei vaksne bestemte at storfamilien måtte kome

seg til Garowe, provinshovudstaden berre fire mil unna. Hit til flyktningleiren Jilab 3, der nye klimaflyktningar strøymer til kvar einaste dag. Frå 2010 til 2012 vart Somalia ramma av den mest alvorlege tørka på 60 år og hungersnauden tok livet av nærmare 260.000 menneske. Sjølv om massiv naudhjelp så langt har klart å stoppe dei massive dödstala, er ifølgje FN 2.6 millionar somaliarar i dag på flukt, hovudsakleg frå tørke, men òg frå konflikt.

Livreddande vatn

Dersom dei har mista stort sett alt, sørger Kirkens Nødhjelp for reint vatn her i leirane. Det er heilt avgjerande for å unngå vassbårne sjukdomar som kolera, og for at folk i det heile skal kunne overleve under dei særskrivande tilhøva. Og dei daglege turane til ein av vasspostene, er det Hawo som i all hovudsak står for. I tillegg til at ho lager mat, vaskar kle, passar småsøs-

ken held reint i og utanfor det enkle teltet. Som om ikkje det er nok, gjer ho mykje av det same òg for tanta som bur i ein annan flyktningleir berre 20 minutt gange unna.

kan byrje på skulen, sier Fadumo. Tolvåringen sjølv nøler ikkje på spørsmålet om kva ho ønsker å bli, og smiler til oss med krittkvite tenner.

Hjelpe andre

- Eg vil vere ei flink jente. Eg ønsker å hjelpe andre, og om eg får jobb på eit sjukhus kan jeg hjelpe mange. Og kanskje gje ballar til barna, så dei har noko å leike med. Det har eg lyst til, seier Hawo og legg veslevaksent til: - Om den planen ikkje går, og eg ikkje får gått så mykje på skule, så vil eg byrje min eigen vesle butikk, der eg kan tene mine eigne pengar, og kjøpe meg eit eige hus å bu i. Dei andre i familien min kan òg bu der.

-

Aller helst skulle eg ønske at ho kunne gå på skule, men etter at mora hennar døydde, er det vanskeleg for oss. Utan litt hjelp frå snille nabobar, trur eg ikkje vi hadde klart oss. Uansett håper og trur eg, når søskena blir litt større, at Hawo ein dag

Vi har ingenting. Men vi kom hit for at vi ikkje skulle døy.

Hawo

Du kan gje ditt bidrag ved å ta imot bøssebærarane som kjem på døra om ettermiddagen tysdag 9. april.

Det kjem konfirmantar, konfirmantforeldre og andre rundt på dørene denne tysdagen:

I Stamnes sokn frå kl. 16.30.

I Vaksdal og Dale sokn frå kl. 17.00.

Du kan og Vippse pengar til 2426



KIRKENS NØDHJELP

actalliance



Kyrkje-valet 2019

FEM KJAPPE - til fe

8.-9. september er det val av nye sokneråd i den norske kyrkja

I samband med førebuinga til kyrkjevalet i haust har me bede nokre av dei som no har vore i sokneråd i snart fire år om å svare på nokre spørsmål:

- 1** Kor lenge har du vore med i soknerådet?
- 2** Kva synes du at de har fått til i soknerådet?
- 3** Kva har vore kjekt?
- 4** Kva har ikkje vore så kjekt?
- 5** Kvifor skal folk seie ja når dei vert spurde om å stille til val?

Og her er svara:

STAMNES SOKNERÅD - Eidrun Straume Normann:

1. Har site i soknerådet i tre periodar no (trur eg det er,-tida går fort...), og to periodar tidlegare.
2. Trur me har fått til å halda kontinuiteten, følgt opp det ordinære soknerådsarbeidet. Fekk gjennomført eit vellukka 150-årsjubileum for Stamnes kyrkje i 2011, heile bygda var involvert. Kjende at det handla om vår kyrkje, kyrkja betyr mykje for langt fleire enn for dei som til vanleg går til gudsteneste. Barnekroken positiv!
3. Kjekke folk i "rådet", me arbeider godt saman. Kjekt når det er "liv og røre" og alle aldrar i kyrkja, som familiegudstenestene. Fått med meg mange gode "preiker", vorte viktige for meg.
4. Når det er få til stades på gudstenestene. Når oppgåver kjem på tett innpå tida. Dårlig økonomi.
5. Det er eit meiningsfullt arbeid der alle har noko å bidra med sjølv om ein ikkje reknar seg som den typiske kyrkjegjengaren. -Kanskje nettopp dei trengs der! Gjer eit viktig arbeid som trengs i bygdene, både i kristen, kulturell og menneskeleg samanheng.



VAKSDAL SOKNERÅD - Svein Hovlandsdal:

1. Har vert med i Vaksdal sokneråd sidan 2009, så det blir ti år nå til valet.
2. Me har i denne perioden som eg har vert i rådet fått montert videokanon i kyrkja, investert i nye stolar til konfirmantrommet og benkar utanfor, blant anna.
3. Det har vore kjekt å få vera med på å vera ein aktiv deltar i kyrkja, der me i rådet har fått ha ei stemma inn i det som skjer her i kyrkja lokalt.
- 4 Det har til tider blitt nokre møter som har vart litt for lenge ut på kveldane, noko som ein har merka dagen i etterkant av møta.
- 5 Kyrkja er blant anna ein organisasjon som har vert sentral og viktig i utforminga av Noreg slik me kjenner det i dag, og skal fortsette å være det framover. Det å være med i eit sokneråd er eit lite steg inn i ein organisasjon der ein kan få bety noko for lokalsamfunnet, om dette er noko som du ønskjer å være med på. Og for ungdommen er det også ein god mulighet for å verta kjent med korleis ein stor og gammel, men moderne, organisasjon fungerer, noko som kan vera lurt å ha med seg vidare i livet når ein sjølv skal ut i arbeidslivet. Men viktigst av alt er det ein trygg og god måte å gjera evangeliet levande, for deg sjølv og dei du møter gjennom det arbeidet som blir utført av eit sokneråd.



m i sokneråda

Kyrkjevalet
8.-9. sep. 2019

EKSINGEDELEN SOKNERÅD - Asbjørn Flatekval

1. Fire år til hausten denne perioden og 6 år til saman.
2. Vi har fått til det å oppretthalda drifta ved Eksingedalen kyrkje, som etter mi meinig er viktig i bygda.
3. Det kjekkaste har vore samlinga rundt bordet, når vi har hatt soknerådsmøte.
4. Det som ikkje har vore så kjekt er manglande interesse blant nye kandidatarar til å stå på vallista til hausten.
5. Der trua ikkje er så stor, bør folk seja ja til å stå på soknerådslista for å halda oppe kyrkja på grunn av at den er ein del av vår kultur, den utfører framleis ein viktig funksjon i samfunnet, som vi vil ha. I urolige tider treng vi også noko fast å halda oss til. Det har vel historien vist mange gonger ?



BERGSDALEN SOKNERÅD - Anne Hilde Fosse Osvold:

1. Siste periode, og ein del år før der igjen.
2. Vi har fått rullestolrampe, flomlys og vannpost, alt gjort på dugnad. Pluss at vi har ein velstelt gravplass, takka være enkeltpersonar.
3. Det er kjekt når folk stiller opp med maskiner og utstyr, og brukar mykje tid på oppgåver til fellesskapet. Kjekt at det er så mange tilreisande som vel å gifta seg i Bergsdalen.
4. Kjem ikkje på noko negativt.
5. Dei fleste vil bruke kyrkja til dei store merkedagane i livet. Då er det viktigare enn nokon gong før å stille opp å engasjere seg. Det er for seint å kritisere endringane som heilt sikkert kjem. Er du med kan du påvirke meir enn du kanskje trur.



DALE SOKNERÅD - Thor Andersen:

1. Jeg er inne i min første 4-års periode i soknerådet i Dale sokn. Har fra før 4 år som vara representant i Eksingedalen sokn på 1990-tallet.
2. Vi har videreført tradisjonene med aktiviteter knyttet opp mot barn og unge sammen med å legge til rette for enkel sammenkomst etter gudstjenestene i Dale kirke.
3. Det har vært kjekt å kunnet delta og få innblikk i de kirkelige arbeidsoppgavene som vi alle tar for gitt. Jeg har også blitt kjent med flere flotte personer fra andre miljøer gjennom soknerådet og fellesrådet.
4. Det som kanskje er en vekker for meg er at få personer engasjerer seg. Vi tar så mye av det vi ser på i samfunnet om en selvfølgelighet, eller forventer skal være der når vi trenger det. Det som en selvfølge i dag er kanskje ikke det i framtiden. Engasjerer vi oss ikke vil mye av dette forvitre i fremtiden, vi må ikke glemme at det er krefter i samfunnet som ønsker og fjerne for eksempel de kristne helligdager.
5. Engasjer deg og bli en tradisjonsbærer til glede for andre.



NESHEIM SOKNERÅD
Gøril Kvinge Nesheim
Sjå eige intervju med henne.



Gøril Kvinge Nesheim om å vere i soknerådet: *- Eg vert gjerne med vidare!*

Gøril Kvinge og dottera i Nesheim kyrkje. Foto: Skjalg Ekeland/BA.

Gøril (32) bur på Nesheim, og det har ho gjort sidan 2015. Der bur ho saman med mannen Lars Bjarte på heimegarden hans, og deira fire born i alderen eitt til sju år.

Sjølv vaks ho opp på Kvingo i Masfjorden, men flytte ut då ho skulle gå vidare på skule. No er ho med i Nesheim sokneråd, der ho har vore leiar denne perioden.

Soknerådet

For fire år sidan var Gøril blant dei som fekk brev fra det dáverande soknerådet. Der sto det at dei ville setje henne opp på lista med kandidatar til nytt sokneråd.

Kva tenkte du når du fekk det brevet?

- Den gongen visste eg ikkje om kva arbeidet i soknerådet gjekk ut på. Men eg tenkte at dette kunne eg gjerne vere med på, så eg sa ikkje nei til å vere kandidat. *Korleis har det vore å vere med i soknerådet?*

- Det har vore både kjekt og gjevande, seier Gøril. - Folk trivst i kyrkjavår, og då er det lett å laga til noko. Det er og kjekt å kunne ha noko å seie om korleis livet i kyrkja skal vere.

Kva er di oppgåve som leiar?

- Eg førebur og leiar soknerådsmøta. Og det er som regel eg som leiar årsmøta. Men elles delar me på oppgåve i soknerådet. Me har skrivar, kasserar og representant i kyrkjeleg fellesråd, samt ein nestleiar.

Kva gjør det på i og utanom dei 3-4 møta de har i året?

- Me organiserer aktivitetar i kyrkja, slik som gudstenester, kyrkjekaffi, konserter. Me har også laga til konfirmantfestar og kyrkjegardsdagar.

I gudstenestane på Nesheim er det som oftast fleire frivillige som har oppgåver. Det kan vere å styre Powerpoint, lese tekstar eller böner. Og - slik Gøril ofte gjer - leie bolken med songar for og med borna.

- Dette gjer eg fordi eg uansett skal på gudstenesta. Så det er ikkje slik at dei i soknerådet er nøydt til å ha oppgåver i gudstenesta, det er heilt frivillig å vere med på det.

Kvinge, Sogndal og Nesheim

Gøril vaks opp i ein kristen heim, og har halde fast på trua ho fekk som barn. Har vore mykje med som leiar på leir og i kristent ungdomsar-

beid elles.

- Det er av stor verdi å få vere med i det kristne arbeidet, og eg vil gjerne at fleire menneska skal få høre om Jesus.

Ho fortel vidare at ho flytte fra Kvingo som 16-åring for å på KVS Lyngdal (ein kristeleg vidaregåande skule). Seinare vart det bibelskule i Tromsø og studie i Sogndal. I Sogndal fekk ho ein bachelor-grad i «Idrett, fysisk aktivitet og helse». Seinare har ho teke vidareutdanning innan aktiv omsorg og miljøterapi, samt i pedagogikk. Det var medan ho budde i Sogndal ho vart kjent med Lars Bjarte, og dei budde der dei fyrste åra etter at dei vart gifte. No har Gøril sitt arbeid i Balestrand, utanom å vere humor og «bondekjerring».

Korleis er det mogleg å jobbe i Balestrand når du bur på Nesheim?

- Det går fint. Eg har ein 75% stilling som miljøterapeut,

og er på arbeid tre døgn i slengen. Så når eg er på jobb er eg vekke dei dagane, men er heime heila dagane elles.

Kyrkjeval til hausten

Og no skal det snart veljast nytt sokneråd. *Blir du med vidare?*

- Ja, eg vert gjerne med vidare! Så eg har difor har eg sagt ja til å stå på lista denne gongen og.

Intervju/tekst:
Frode Kvamsøe

Lederen i Nesheim sokneråd, Gøril Kvinge Nesheim, kommer gjerne med datteren Gurø (6) på hoften. Selv er hun innflytter og har bodd i bygda i fire år.

I Nesheim sokn bor det 53 mennesker. Ifølgje Kvinge Nesheim deltok 37 mennesker i snitt under gudstenestene i 2017.

- Det handlar om at folk blir ivaretatt fra fødsel til død. Det er absolutt et behov, det sier jeg på vegne av mangfoldet, sier Kvinge Nesheim.

Innsida av kirkjen minner om Bergsdalen. Malingen er skapt av veggene og treverket skaper en lun atmosfære. Taklistene er malt i et mønster og en leper er først langs den trange midtgangsgangen.

Kvinge Nesheim forteller, som dei involverte i Bergsdalen kirkje, om ein stor dugnadssver, og at det skjer mye i kirkjen utenom gudstenestene.

- Det hadde vært veldig urettferdig dersom denne kirkjen ble lagt ned, når det er så mange som stiller opp frivillig og er glade i kirkjen, sier hun.

4 av 7 kirker
**HAR NESTEN ALDRI
GUDSTJENESTER**

BA
BERGENSÅVISTEN

Gøril Kvinge Nesheim med datteren Gurø (6).

SØ 16, 17, 18.06.18

Min salme

Anne Pernille Stanghelle vart i sist nummer av Kyrkjebladet utfordra til å skriva om sin salme:

I tida fram mot påske og den stille veka vert eg alltid minna på denne songen til Bjørn Eidsvåg, skriven i 1984. Den har fylgt meg heilt sidan tenåra då eg ikkje heilt forstod alt kva denne songen innebar, men som eg no byrjar sjå djupnene i litt etter litt. For djupna går innover i mitt eige hjarte, mine eigne val og mi eiga tru. Som fersk i kristenlivet på 80-talet hadde eg enno ikkje rukke å gjere så mange val, an-ten vonde eller gode. Kunnskapen i Ordet var heller ikkje så stor, men forventninga var stor. Denne forventninga vart og er vel kanskje endå til ein viss grad lagt på meg sjølv og mine eigne evner til å "stå fast i striden".

Eg såg for meg denne scena i Getsemane og hugsar enno at eg gret når eg song "og eg har tenkt det sko'kje eg ha gjort, eg sko ha kjempa saman med deg". Sidan den gangen har eg fått vekse i kunnskapen i Ordet, men eg har og blitt prøvd i denne kunnskapen og ofte kome til kort og mislukkast i eigen kraft slik Peter i songen også "svikta då det gjalt". Sjølvrettvisa har fått seg ein smell både titt og ofte, og kunnskapen om kven eg er som menneske har djupna slik songen i nest siste vers syner.

Då er det godt å kunne ta imot nåden og tilgjevinga i frå Meistarens kjærlege ord når han seier "Min nåde er nok for deg, for krafta blir fullenda i veikskap."(2 Kor. 12.9) Det som disiplane og heller ikkje eg på nokon måte kunne gjere, det gjorde Meistaren. Guds uendelege kjærleik løyser opp alle dei vonde knutane i dei skitne og såre beina mine etter den lange vandringa når Meistaren stille tek kappa av seg og tek til å vaske dei...

Nr. 144 i Salmeboka (med litt justert tekst)

Tekst og Melodi: Bjørn Eidsvåg 1984/1987

Du låg skjelvande av angst på kne
Og svetten rant som blo
Og venene du hadde med
Dei som i største ro
Dei svikta då du trengte dei
Du hadde gitt dei alt
Dei valde minste motstands vei
Og svikta då det gjalt

Og eg har tenkt det sko 'kje eg ha gjort
Eg sko ha kjempa saman med deg
Holdt rundt deg og tørka svetten bort
- gjort ka eg kunne for å gle deg

Dei dømde deg te død og pine
Spotta deg og lo
Og ein av dei du kalla dine fornekta og bedro
Han svikta då du trengte han
Du hadde gitt ham alt
Han var ein veik og vesal mann
Som svikta då det gjalt

Men eg vet at eg og svikte
Fornekte og bedrar
Eg gjer'kje det eg vet eg plikte
- eg e hjertelaus og hard
E likasel for andres nød
Ofte blind for venners sorg
Ka bryr det meg dei andres død
Min kulde e så fast ein 'borg

Likavel e du lika gla' i meg
Tilgir meg alle feilå mine
Stille tar du kappa di av deg
Og tar te å vaska beina mine

Likavel e du lika gla' i meg
Tilgir meg alle feilå mine
Stille tar du kappa di av deg
Og tar te å vaska beina mine

Anna Pernille sender salmestafetten vidare til Veronica Nyambura Rosvold.



Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Vaksdal, som me kallar Vegen i Vaksdal. Det er sjølvsgart livs- og trusvegen det handlar om, og målet om at alle som er døypete eller tilhøyrande Den Norske Kyrkja skal bli invitert til eit tilbod i kyrkja sin regi minst ein gong i året, til dei fyller 18 år.

Fylg Vegen i Vaksdal på Facebook!

Tårnagenthelg i Vaksdal kyrkje

Fyrste helga i februar var ein fin gjeng 2.klassingar fra fleire bygder i kommunen samla i Vaksdal kyrkje, for å bli tårnagentar! Fyrst måtte alle gjennom ein labyrint, for å koma fram til der dei fekk agentkortet sitt - med eige fingeravtrykk sjølvsgart! Med agentkort rundt halsen og ein eigen agentbevegelse på plass, vart dei delte inn i grupper, og fekk ulike oppdrag dei skulle løysa, som å laga tårn! Det dukka også opp ein mystisk fyr i svart frakk med melding frå sjefen... Spennande! Til middag fekk gjengen «flaggermus-suppe», som faktisk gjeikk ned på høgkant hjå dei aller fleste. Så øvde dei på den fengande tårnagent-songen og planla gudstenesta. På søndag var alle flinke tårnagentane i aksjon anten med song, drama eller andre oppgåver under gudstenesta. Etterpå var det tårnagentis, forma som eit tårn sjølvsgart!



Leiar Åshild ser på det fine tårnet til raud gruppe. Grøn gruppe sitt tårn, leiar Jostein passar på.



Tårnagentane song den fengande tårnagentsongen på gudstenesta.





Borna svarar på spørsmål rundt om i kyrkja.

Lys Vaken i Dale kyrkje

I slutten av januar inntok fleire av årets elleveåringar Dale kyrkje, og overnatta der. Dei var nok spente då dei kom til kyrkja, for fyrste gong med so-

vepose! Men opplegget fenga, og det vart eit kjekt lite døger i kyrkja. Dei var gjennom ulike aktivitetar, blant anna laging av Kristuskrans (armband), og

førebingning til gudsteneste. Og så fekk dei god mat sjølvsagt! Under gudstenesta søndag var dei fleste borna involvert på ulikt vis, og dei verka til og

med lys vakne, trass sikkert litt mindre søvn enn vanleg! På denne gudstenesta fekk òg årets elleveåringar frå Dale sokn utdelt Nytestamentet.

Småbornssong, lunsjtreff og babysong på Dale

Me har i februar og mars hatt småbornssong, lunsjtreff og babysong i bedehuset på Dale, alltid like kjekt! Det varierer kor mange som kjem på samlingane, og denne gongen har det vore mange på småbornssong og få på babysong. Men både «små og store» samlinger er kjekke å leia for meg i alle fall! Når me er færre er det lettare å bli kjende med kvarandre, og når me er mange er det mykje liv og leik! Det verkar som både små og store kosar seg ilag, og det gjer eg òg! Det vert servert kaffi og te/kakao, og litt frukt og kjeks, og så har ofte foreldra med litt mat sjølv òg, til det uformelle lunsjtreffet mellom samlingane. Babysong er tilrettelagt mest for dei under eitt år, og småbornssong mest for dei over eitt år, men det har gått fint både med litt større born på babysong og med babyar på småbornssong, så det går godt an å koma på den samlinga som passar best i høve søvn.





Kva skjer på VEGEN framover?

Småbornssong, lunsjtreff og babysong på Vaksdal

Kvar «vanleg» torsdag i april og mai vert det småbornssong, lunsjtreff og babysong i konfirman-trommet i Vaksdal kyrkje. Oppleget er slik at det er småbornssong for born over eitt år frå 10-11 (men babyar kan koma om det passar best med sovetida). Så er det lunsjtreff for alle klokka 11-12, og babysong for born under eitt år frå 12-13 (der born over eitt år kan vera med om det passar best). PS: Er du som Kristin og ofte litt seint ute? Det går heilt fint! Kom når du kan, det er alltid plass, og berre kjekt at du kjem!



Baby- og småbornssong på Stamnes

Det er tre gongar igjen med baby- og småbornssong på **Stamnes**: **1. april, 6. mai og 3. juni**. Oppleget er frå 10-11, og så et me lunsj ilag (ta med niste, me har drikke) frå 11-12. Me er i kjellaren i Stamnes bedehus, ved sida av kyrkja. Det er sjølvsgart ope for små og store frå andre bygder også!

Baby- og småbornssong i Eksingedalen

Søndag 2.juni kl 11.00 vert det baby- og småbornssong for born 0-5 år i Eksingedalen kyrkje, slik me har hatt nokre gongar no, med god suksess! Meir informasjon i invitasjonen som kjem til borna i dalen når det nærmar seg.

Gudsteneste på Skipshelleren – femåringar inviterte

På Kristi Himmelfartsdag (i år torsdag 30.mai) er det som vanleg gudsteneste på Skipshelleren på Straume. Til denne gudstenesta vert årets femåringar spesielt inviterte til å vera med. Sjølvsgart saman med familien sin. Det vert fyrrst ei enkel utegudsteneste som i år vert ekstra tilpassa borna. Under helleren om det er stygt ver, så me sit tørt! Etterpå er det grilling av pølser, og leikar for både små og store. Dette pleier å vera ein kjekk dag for dei som tek turen, så me håpar fleire nyttar høvet i år!



Familiegudsteneste på Palmesøndag

Velkommen til familiegudsteneste i Dale kyrkje Palmesøndag kl. 11.00. Då blir det ei gudsteneste der mellom anna de som kjem får vere med i preika. Og etterpå er det «kyrkjesaft» bak i kyrkja.

Denne gudstenesta erstattar i år «Borna sin påskedag»-samlingane me har hatt tidlegare.

V I N G

Annankvar fredag kl 18.30 – 20.30 i Dale bedehus for dei som går i 5, 6. og 7. klasse

- 5. april: Spel og bingo**
- 26. april: Bowling i Modalen (avr. kl. 18.00)**
- 10. mai: Spel og bingo**
- 24. mai: Rebus**

Konfirmantar på leir



Dramagruppa i aksjon i gudstenesta. Foto: B. Kydland



Fille-fotball engasjerte.

Den eine konfirmantlein i haust vart utsatt grunna leiarmangel, men han vart gjennomført andre helga i mars. Då var 20 konfirmantar på Fagertun leirstad, og dei avslutta leiren med gudsteneste i Dale kyrkje søndag ettermiddag.



Bøn- og praktiskgruppa føreburer seg.

Tankar frå trusopplæraren



Pause. Det har eg kjend lenge at eg hadde trengt. Men eg skulle berre nett.

Og nett. Og nett. Ein dag til. Eg klarte den òg. Då klarar eg vel morgondagen òg? Slik har eg halde på. Jobben har eg klart sånn nokon lunde. Men når eg har kome heim, har det vore veldig lite energi igjen innabords til dei som eg er gladast i. Så der har eg vorte ein därleg versjon av meg sjølv. Monster-mor, klage-kone, sutre-sofagris med därleg sarmvit. Det har skura og gatt. Eller forresten, det har vore lite skuring, og mykje stov som har samla seg opp...

Og så har eg i ein periode vore ekstra redd for alt mogleg. Redd for at noko skulle skje med dei eg er glad i. Redd for å bli alvorleg sjuk. Redd for alt mogleg, utan at eg heilt veit kva. Alt kan jo skje! Angst heiter det vel. Eg trur kanskje det er difor eg har hatt ekstra lite energi òg. Tankar krev mykje energi! Til slutt gjekk eg til doktor, og ho sjukemelde meg for ein periode. Så nett i skrivande stund jobbar eg berre torsdagane då eg har småbornssong, lunsjtreff og babysong. Resten av dagane kvilar eg. Eller går tur. Eller gjer husarbeid. Eller les. Eller ber. (Eller trykkjer på mobilen...)

Eg prøver å ikkje få därleg samvit for jobben. Eg prøver å ikkje tenkja på kva folk måtte meina om at eg er sjukmeld utan synlege plagar. (Og så gjekk ho tur midt i jobbtida - skandale!). Eg prøver å vera litt mindre redd. For ja, det er mykje som kan skje. Og noko av det er ganske fine ting, viss ein berre opnar for det! Det er i alle fall veldig lite nyttig å la redselen lamma meg.

I Bibelen seier Jesus «Vær ikkje redd» eller «Frykt ikkje» heile 365 gongar. Ein gong for kvar dag i året! Det er godt å tenkja på. Samstundes kan det gjera meg litt redd at eg likevel



er redd. Er eg ikkje kristen nok då? Er eg ikkje flink nok til å gjera det Jesus seier? Heldigvis handlar ikkje det å vera kristen om å prestera. Og så tenkjer eg at kanskje grunnen til at Jesus sa det så mange gongar, var at han visste kor lett me menneske gløymer? At sjølv om me høyrrer det ein dag, og slappar av med at me ikkje treng vera redde den dagen, så kan me likevel verta redde neste dag, og tru at no er det grunn til det? Slike ting treng me ha inn med teskei. Og det skjøna Jesus, og gav det til oss.

Jesus sa òg «Kom til meg alle de som slit og har tungt å bera, hjå meg skal de få kvila dykk ut» (Matt. 11.28). Jesus visste at me trøg kvile òg, han. Han sa at me kunne leggja bekymringar, uro og stress på Han, og slappa av. Berre synd me

er så opptekne av å greia oss sjølv, og ikkje likar å plaga andre med dei balne greiene våre. Sjølv om andre står klare til, og har lyst til, å hjelpa. Eg må øva meg på det, kjenner eg. Å ta imot hjelp. Å leggja fra meg det eg uansett ikkje klarar å gjera áleine. Å kvila. Pusta. Vera takknemleg for alt det som trass alt er ganske fint! Håpar at eg snart klarar å vera den mora eg har lyst til å vera, og får energi nok til både jobb og heim. For eg er veldig glad i jobben min!

Ha ei god påske i vente, og hugs å kvila litt, de òg!

Han sa at me kunne leggja bekymringar, uro og stress på Han, og slappa av. Berre synd me er så opptekne av å greia oss sjølv, og ikkje likar å plaga andre med dei balne greiene våre.

Stabstur



Her er me ferdige med måndagsøkta, og slappar av litt før me tek kveld. Frå venstre: Bjart-Magnus, Anton, Ruben, Ottar, Frode, Kristin og Edvard.

Staben ved kyrkjekontoret utgjer 5,5 årsverk. Somme av oss har vore i Vaksdal i mange år, den «nyaste» vart tilsett i fjor. Kyrkjeverje,

musikarar, trusopplærar og vaktmeister har til saman 3,5 av desse stillingane, og har Vaksdal kyrkjelege fellesråd som arbeidsgjevar.

Prestane har resten av stillingane, og har Bjørgvin biskop som arbeidsgjevar. I februar var me på stabstur ein måndag til tysdag.

Då hadde me ulike tema framme, samt fekk høve til å pleie det sosiale fellesskapet mellom oss.

Frode



UNDER GALLERIET - ein møtestad i Dale kyrkje



Under galleriet

Nytt tilbod i Dale kyrkje

Dale sokneråd vil skapa til samlingar i Dale kyrkje under vignetten «Under galleriet». Dette vil vere samlingar med ulike tema knytt til kyrkja, trua, samfunnet osb. Dei vil vere eit supplement til gudstenestene i kyrkja, og ein litt annleis måte kome saman på. Tanken er å ha månadlege samlingar, siste torsdagen i månaden dei fleste månadane om hausten, vinteren og våren.

Fyrste samling

Den fyrste samlinga under galleriet skal ha funne stad medan Kyrkjebladet er på veg frå trykkeriet, den siste torsdagen i mars. Temaet var då «Der tru og vitskap møtes: Likkledet i Torino - verdas mest undersøkte enkeltobjekt.» Då var det Dalegut og no pensjonert prest John Ove Thaule som fortalte om dette temaet.

Endringar i Dale kyrkje

Bak i Dale kyrkje – under galleriet – er det no etablert ei sitjegruppe med bord og stolar til om lag 30 personar. Dette gjer området betre eigna til å samle folk, til dømes til kyrkjekaffi. Området kan jamvel nyttast til eigne samlingar og til soknerrådmøter og liknande. Arbeidet med å gjere området klart er ikkje ferdig, då det må skal lagast ein betre barnekrok, samt sjå på plassering av lydanlegg og bokhyller m.m. Det skal og sikrast god nok plass for dei som skal passere med rullestol eller barnevogn, samt stette krava til rømingsvegar i kyrkja. Lysgloben sto der før, men er førebels flytta fram til området nedanfor preikestolen. Då nokre av benkane er flytta på er sitjekapasiteten mindre enn før. Men med nyare brannføreskrifter er det ikkje lov å ha så mange menneske i kyrkja som før, så det går opp eit vis opp i opp. Kyrkja har elles fått ny prosjektor. Denne har eit større og skarpare biletet enn før, samt høve til tråldaus tilknytting.

**Kyrkjevalet
8.-9. sep. 2019**

Gravplassane i Vaksdal

No når våren står for døra startar me igjen opp arbeidet på gravplassane i kommunen vår. Det er no slik at både frost og snø gjer sitt til at det trengs å gjera ein del arbeid. Difor vil de nok sjå i desse dagar, at anten våre eigne folk, eller kommunen sine folk er ute og jamnar til graver, fyller på med plantegjord, eller gjer

anna naudsynt arbeid.

Samtidig er det slik at me i løpet av våren tar ein runde og ser på den enkelte gravene og gravsteinane. Om me finn at det er noko som treng gjera med den enkelte gravsteinen kontaktar me festaren. Ofte kan ein slik kontakt handle om at steinen er laus, eller har velta. Det er då festaren som

er ansvarleg for å ordna med at steinen er satt opp på ein trygg måte. Festaren kan enten gjera dette arbeidet sjølv, eller så kan nokon av våre gravplassarbeidarar gjer arbeidet for festar, mot betaling. Når gravplassforvaltninga tar kontakt angåande lause steinar eller anna, gjer me dette fordi at gravplasslova, grav-

plassføreskrifta eller dei lokal gravplassvedtekten, seier at noko ikkje er heilt slik det skal vera. Kyrkjekontoret liker å ta denne fyrste kontakten på telefon, men om festar ynskjer kan me senda brev der me skriftleg påpeikar feilen, og forklarar naudsynete tiltak.

Kremasjon i Vaksdal

I desember 2018 vedtok kommunestyre i Vaksdal at Vaksdal kommune dekker kremasjonsavgift med intill kr 5000,- Ordninga gjeld for avlidne som er folkeregistrerte innbyggjarar i Vaksdal kommune.

Grunnen til at ordninga er komen på plass, er at det er ein

større kostnad med kremasjon en ved kistegravlegging. Dette synes fellesrådet var feil, difor sökte fellesrådet kommunen om ei slik ordning. Ordninga gjer at brorparten av transport til Møllendal krematorium og sjølve kremasjonsavgifta er dekkja. Dette gjer at det no i praksis ikkje kostar meir for

dei som ynskjer kremasjon.

Vaksdal kyrkjelege fellesråd betalar ut pengane til pårørande som sender inn dokumentasjon på at dei har betalt slike utgifter. Om du har spørsmål kring kremasjon, kan du kontakta kyrkjeverja.



Kyrkjegardsdagar til våren

Fire stader skipar sokneråda til kyrkjegardsdagar i vår. Nett namnet på desse dagane er litt missvisande, då me no nyttar det meir nøytrale ordet gravplass. Men inntil vidare kallar me det altså Kyrkjegardsdag.

Då vert det etter planen høve til å kjøpe plantar frå Astrids Gartneri i Modalen. Det vert og lagt opp til litt dugnadsarbeid, og sokneråda stiller med kaffi og noko å bite i. Stader og tider:

**Stamnes: Måndag 6. mai
kl. 16.00 - 18.00**

**Eidsland: Onsdag 8. mai
kl. 16.00 - 18.00**

**Nesheim: Torsdag 23. mai
kl. 15.00 - 17.00.**


**Flatekval: Torsdag 23. mai
kl. 17.30-19.30**

Vedlikehald av kyrkjene


I løpet av vinteren er me i ferd med å gjennomføre ein del vedlikehald av det elektriske anlegg i nokre av kyrkjene våre.

Av arbeid som blir gjort, er nødvendig utbetring/oppgradering av elektriske anlegg i Vaksdal, Dale, Stamnes og Nesheim kyrkjer, samt Eidsland kapell. Leidningsnettet blir oppgradert og gamle utdaterte lysarmaturar blir skifta ut. Det blir montert jordfeilvarslingar på hovudtavlene, slik at vi får tidleg varsling av feil.


Det vil også bli utarbeid nye driftsinstruksar og skilting for bruk av dei elektriske anlegga. Dette er viktige og nødvendige oppgraderingar som gir betre driftstryggleik. I samband med dette arbeidet har me også blant anna fornja flomlysanlegget på Eidsland kapell med nye straumsparande lyskastarar og montert nye lys på portsoylene ved Vaksdal kyrke. Eidsland kapell har og fått nytt tekjøkken, då det gamle har vore i ustand ei stund.



Nytt lys på portane til Vaksdal kyrkje mot vest.



Nytt lys på Eidsland kapell.



Ottar

På Dale er speleulpulen til orgelet teken ut og frakta til Bergen for vedlikehald og oppgradering. Vonleg er speleulpulen attende og klar til bruk før påskehøgtida.

Nytt kjøkken i Eidsland kapell.



Vil du synge i dette koret?

Kilden syng musikk med et kristent innhald, og har eit allsidig repertoar frå ulike sjangre og tidsepoker. Koret syng i kyrkjer og bedehus, og deltek hausten 2019 i Vaksdal Musikkråd sitt fellesprosjekt.

Øvingane er fredag 18-20 i Vaksdal kyrkje.

Du er velkommen til å møte opp eller å ta kontakt med dirigent Ruben Gjertsen
(rg794@kyrkja.no / 92 45 20 98)

Orgelkonsertar i Vaksdal og orgelresitasjonar i påska

KONSERT

Ruben Gjertsen

held månadlege orgelkonsertar i Vaksdal.
Neste konsert er **laurdag 6. april kl. 16.00**
i Vaksdal kyrkje.

ORGELRESITASJONAR

**Skjærtorsdag 18/4 10.30
i Eksingedalen kyrkje
ved Ruben Gjertsen**

**Skjærtorsdag 18/4 18.30
i Vaksdal kyrkje, ved Ruben Gjertsen**

**Langfredag 19/4 kl. 10.30
i Stamnes kyrkje ved Anton Proskurnin**


Kyrkjebøker i Vaksdal

Kyrkja i dalen (2008)

Nesheim kyrkje 100 år. 111 sider

NY PRIS kr 150,-

Kan kjøpast hos medlemmar i soknerådet, eller på kyrkjekontoret.



Dei bygde draumen (2005)

Jubileumsskrift for Bergsdalen kyrkje

50 år. 220 sider. NY PRIS kr 100,-

Kan kjøpast hos medlemmar i soknerådet, eller på kyrkjekontoret.




Kyrkjestaden Dale

(1996) 100 år, 104 sider

Kr 50,-

Kan kjøpast hos medlemmar i soknerådet, eller på kyrkjekontoret.



Soga om Stamneskyrkja (1986)


229 sider Kr 50,-

Jubileumshefte for

Stamnes kyrkje

Kr 100,- (Perioden 1986-2011)

Kan kjøpast hos medlemmar i soknerådet, eller på kyrkjekontoret.



VIPPS



Vaksdal kyrkjelege fellesråd

(bladpengar) 94073

Vegen trusopplæringa 514111

Vaksdal Kyrkje 137194

Dale Sokn 525329

Stamnes sokn 524776

Bergsdalen sokn 552521

GRAVMINNER



**Løvaas
Naturstein**



Tlf. 55 92 25 30 • Espahaugen 54, 5258 Blomsterdalen

Man-fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.

www.lovaasnaturstein.no

DET SKJER I BEDEHUSA:

Vaksdal bedehus

Storsamling søndagar kl. 11.00
(Kl. 11.30: Søndagsskule i kjellaren)

Onsdag 1. mai kl. 17.00

Basar for bederhuset

Søndag 12. mai

Tale ved Leiv Nesheim

Søndag 2. juni

Talar vert bestemt seinare



Stanghelle bedehus

Onsdag 29. mai kl. 19.00

Møte ved Reidun Skurtveit



Dale bedehus

Onsdag 24. april kl. 19.00

Møte ved Sigrid Romarheim Eide

Torsdag 17. mai kl. 18.00

Fest. Variert program. Servering.



Stamnes bedehus

Onsdag 4. april kl. 19.00

Møte ved Reidun Skurtveit

Onsdag 2. mai kl. 19.00

Møte ved Asle Hetlebakke



KYRKJA I VAKSDAL



- VEGEN I VAKSDAL (TRUSOPPLÆRINGA)
- KYRKJENE I VAKSDAL
- BERGSDALEN KYRKJE

Det finst og andre sider med og om kyrkjene i Vaksdal, men dei er generert av andre, til dømes Facebook sjølv.



Nordhordland Begravelsesbyrå AS



AVD. VAKSDAL:

Ann-Elin M. Gullbrå • Tlf. 56 99 25 70

ME GÅR SAMAN MED DEG HEILE VEGEN.

PLANLEGGING - BLOMAR - GRAVSTEIN

Tlf. 56 37 14 10 • post@nordh-bb.no • www.nordh-bb.no



DALETEC



Alt innan tømrararbeid

Tlf. 922 65 739

post@falkangerbygg.no

Falkanger Bygg er
forhandlar av Idéhus
Sjå idehus.no



Bergsdalstunet

Bergsdalstunet
56 59 89 34





Vi har stillas
med hengjar til leige.

Tlf. 481 44 680



ARNPRO

Tlf. 56 53 00 60 • www.arnpro.no

- vi gir morgendagen nye muligheter

GRAVMINNEN



Udstillingen kan sees i butikk.
Vi lager også modeller etter ønske.

STEINRIKET
DALE AS

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • www.steinriket.no

SÆTERDAL ELEKTRO

Me leverer alt innan
elektrikartenester.
Tlf. 56 59 43 00

SparebankenVest

– satsar på Vestlandet

Tlf. 56 59 39 00 - www.spv.no



VAKSDAL BLOMSTER OG BEGRAVELSESBYRÅ AS

Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.

*Kransar - Sløyfer -
Oppsatsar - Bårebukettar*

Mob. 91 17 97 66

v **vangen elektriske a/s**

AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPENØR

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstraum
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66 www.vangen-elektriske.no



SLEKTERS GANG



DØYPTE

Dale

02.12 Oline Sandvik Indrebø

Vaksdal

13.01 Aron Klever

03.02 Sunniva Skaala Sellevold



DØDE

Dale

24.12 Kari Margrete Helle 1946

12.01 Walter Brudvik 1928

07.03 Lilly Alvilde Tollesen 1926

Stamnes

16.02 Sveinung K. Hesjedal 1939

17.03 Nelly Alvilde Hagen 1927

Vaksdal

26.11 Anne Marie Fosse 1946

06.12 Hilda Trautmann 1937

31.12 Gullborg Rongved 1929

26.01 Ingvard Samuelsen 1924

VELKOMEN TIL KYRKJA

Tysdag 1. mai

DALE KYRKJE kl.11.00

Gudsteneste. Bø. Dåp. Song av Dale Mannskor.

Søndag 5. mai - 3. søndag i påsketida

DALE KYRKJE kl. 11.00

Konfirmasjon. Kvamsøe. Dåp.

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00

Konfirmasjon. Bø. Dåp.

Søndag 12. mai - 4. søndag i påsketida

STAMNES KYRKJE kl. 11.00

Konfirmasjon. Bø. Dåp.

Torsdag 17. mai - Grunnlovsdagen

VAKSDAL KYRKJE kl. 10.00

Festgudsteneste. Prestevikar Birger Huun.

DALE KYRKJE kl. 10.30

Festgudsteneste. Bø.

STAMNES KYRKJE kl. 12.00

Familiegudsteneste. Prestevikar Birger Huun.

EIDSLAND KAPELL kl. 12.30

Festgudsteneste. Bø.

Søndag 19. mai - 5. søndag i påsketida

DALE KYRKJE kl. 11.00

Gudsteneste. Kvamsøe. Dåp. Nattverd. Kyrkjekaffi.

Søndag 26. mai - 6. søndag i påsketida

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00

Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd.

Torsdag 30. mai - Helgetorsdag

SKIPSHELLEREN (Stamnes) kl. 12.00 Friluftsgudsteneste.

Audestad og Bø. Leikar for borna.

Søndag 2. juni - 2. søndag i treeiningstida

EKSINGEDELEN KYRKJE kl. 11.00

Gudsteneste. Kvamsøe. Dåp. Nattverd. Baby- og Småbornssong for heile Eksingedalen. Audestad. Kyrkjekaffi.

Søndag 9. juni - Pinsedag

DALE KYRKJE kl. 11.00

Felles høgtidsgudsteneste for Dale, Stamnes og Vaksdal. Bø og Kvamsøe. Dåp. Nattverd. Kyrkjekaffi.

BERGSDALEN KYRKJE kl. 20.00

Høgtidsgudsteneste. Kvamsøe. Dåp. Nattverd. Kyrkjekaffi.

Måndag 10. juni - 2. pinsedag

FITJAVATNET / NORDVIKSÆTER kl. 12.00


Fitjavasstemna. Bø. Matøkt (medbragt mat).

Søndag 16. juni - Treeiningssøndag

AGNARVIKA (Stanghelle) kl. 16.00 Familiegudsteneste.

Kvamsøe.

Oversikta over gudstenestene fortset på siste sida!



VELKOMEN TIL KYRKJA

Søndag 7. april - 4. søndag i fastetida

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00

Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd.

Søndag 14. april - Palmesøndag

DALE KYRKJE kl. 11.00

Familiegudsteneste. Audestad og Bø. Dåp. Nattverd. Kyrkjekaffi.

EIDSLAND KAPELL kl. 11.00

Konfirmasjon. Kvamsøe. Dåp.

Torsdag 18. april - Skjærtorsdag

EKSINGEDELEN KYRKJE Kl. 11.00 Nattverdsgudsteneste.

Bø. Kyrkjekaffi. Orgelresitasjon kl. 10.30.

VAKSDAL KYRKJE Kl. 19.00 Nattverdsgudsteneste. Bø.

Orgelresitasjon kl. 18.30

Fredag 19. april - Langfredag

STAMNES KYRKJE Kl. 11.00 Pasjonsgudsteneste.

Kvamsøe. Nattverd. Orgelresitasjon kl. 10.30.

Søndag 21. april - Påskedag

NESHEIM KYRKJE kl. 11.00

Felles høgtidsgudsteneste for Eksingedalen. Kvamsøe. Dåp. Nattverd. Utdeling av NT. Kyrkjekaffi. Forsongarar møter kl. 10.00.

STAMNES KYRKJE kl. 11.00

Felles høgtidsgudsteneste for Vaksdal, Dale og Stamnes. Bø. Dåp. Nattverd. Forsongarar møter kl. 10.00.

BERGSDALEN KYRKJE kl. 15.00 Høgtidsgudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd. Kyrkjekaffi.

Måndag 22. april - 2. Påskedag

Ingen gudsteneste i Vaksdal

Søndag 28. april - 2. søndag i påsketida

VAKSDAL KYRKJE kl. 18.00

Ung Messe. Bø, Kvamsøe, og konfirmantane i Vaksdal, Dale og Stamnes. Nattverd.

For oversikt over gudstenestene i mai og juni, sjå side 19!

Dåp = Høve til dåp i gudstenesta.

Endringar kan koma. Sjå annonsar i lokalavisa, oppslag og på www.vaksdal.kyrkja.no og for eventuelle endringar.



Bunad og stakkastovo as

ny bunad

omsøm

bunadsolv

tilbehør

Ring for avtale 56 19 18 00

Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfossen

www.bunadogstakkastovo.no